



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 11.02.2015
Møtetid: 09:00 - 11:15
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Eva Hellevang	Arild Røen

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p>Ordførar orienterte om at kommunestyret vil få seg førelagt søknad om fritak frå politiske verv i førstkomande kommunestyret. Dette gjeld medlemmer i Høgre. Innvilga søknader vert forlenga fram til då.</p> <p>Utvalet slutta seg til framlegg frå M.Aase (Krf) om følgjande uttale til Kommunenes Sentralforbund (KS):</p> <p>Strategiar 2015 -</p> <p>Spørsmål 1: Me ynskjer at eventuelle lønsmidlar til disposisjon i 2015 skal fordelast sentralt.</p> <p>Spørsmål 2: Me ser ikkje at det er behov for endringar i Hovudavtalen i år. Me støttar at det er viktig med vidare fokus på god samhandling mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde ved kommunal samhandling.</p> <p>Spørsmål 3: KS må ha stort fokus på at kommunen som arbeidsgjevar, skuleleiarar og tillitsvalde har god kunnskap om ulike ansvarsområde. Tillitsvalde og leiing bør motta meir kunnskap om dette "i same rom" og få høve til å diskutera mål og mandat når endring skal gjennomførast. Særleg viktig vert det å byggja trygghet til å stå i ulike utfordringar for skuleleiarar, slik at ein ikkje misser gode leiarar.</p>
---------------------------------	---

Beredskap

Skriv frå fylkesmannen om avslutning av tilsyn på beredskap var sendt ut. Det vart ikkje funne avvik, og sjølve tilsynsrapporten vil verta sendt formannskapet. Det var drøftingar om den dårlege telefondekking i Samnanger, både i samband med ekstremværet, men også at det generelt er dårleg dekking mange stader i kommunen. Det vart orientert om at det var fleire innbyggjarar som har teke kontakt med kommunen. Det har vore vanskeleg å få Telenor i tale, men det vert arbeidd med å få dette til. Ordførar orienterte om at det vil verte ei evaluering av beredskapen knytt til ekstremværet "Nina".

Lukka orienteringa, jfr off.l §13.

Ordførar og rådmann orienterte med bakgrunn i medieoppslag og klage frå innbyggjar på vintervedlikehaldet av vegen til Indre-Tysse. Gjeldande norm for vintervedlikehald vart kort gjennomgått. Bruk av strøkasser vart særleg diskutert. Formannskapet ber administrasjonen foreta ei evaluering av brøytesesongen 2014/15. I saka må ein m.a. vurderer utstyret og ressursane elles. Sak om dette skal leggjast fram før sommaren 2015

Lukka orientering, jfr off.l §13. Rådmann orienterte om politimelding av trussel mot tilsett.

Rådmannen orienterte om følgjande;

-Sal Hagamulen – Takst ligg no føre og eigedomen er klar for sal. Formannskapet held fast på tidlegare vedtak og Hagamulen vert lyst ut for sal.

-Samnangerheimen – bruk og kostnad med konsulent Arbeidet går stort sett som planlagt. Det vert frå kommunen si side arbeidd mykje med økonomistyring. Det vert særleg jobba med å ha kontroll med utgiftene til konsulent. Det har vore fleir møte, og det er ein del usemje om tilleggsrekningar.

-VA-Eikedalen; Det er får Kvam herad si side kome med innspel om at VA-anlegget i Eikedalen kan overtakast og driftast av Kvam herad. Grunnen til dette er å halda administrasjonskostnadene nede då ein elles måtte bruke mykje arbeid for å fordela kostnadene på dei ulike anlegga. Med forslag til løysing vil abonnentane i Eikedal få same avgifter som innbyggjarane i Kvam, noko som truleg er lågare enn dei ville ha fått med eit eige avgiftsområde for Eikedal. I drøftingane med Kvam er det frå Samnanger si side presisert at også området mot Fossen bratte skal løysast ut med off. hovudleidning. Kvam herad arbeider med å få klarert det juridiske og praktiske med ein slik modell.

Os skog – kai; Kommunen har sagt opp leigeavtalen på kaia, noko som Os skog ikkje har akseptert. Sak om

	<p>dette var sendt til retten, men vart sett på vent i påvente av ei rettssak mellom skatt Vest og selskapet. Denne saka er no aktuell sidan selskapet ikkje vart slått konkurs. Os skog har sett fram krav ovanføre kommunen, m.a. krev dei innløyst retten om å overta kaiområdet. Adv. Heldal har utarbeidd prosesskriv. Formannskapet skal få tilsendt kopi av dette.</p> <p>Norsk bane - I 2014 vart det fatta vedtak om å betala tilskot til Norsk bane sitt arbeid. Samnanger kommune har vore til stades på nokre møte i deira regi. Samnanger kommune er ikkje medlem i selskapet. Kommunen har no motteke krav for 2015. Administrasjonen spør om denne skal betalast. Formannskapet bestemte med 5 mot 2 røyster at det vert gitt tilskot også for 2015.</p> <p>Ordførar orienterte om følgjande;</p> <ul style="list-style-type: none"> -Uttale på trasèen over Haukeli kjem som sak. -Opning av Tyssetunellen vert i slutten av juni, og kommunen ønskjer å halda ein folkefest på opningsdagen. -Tilkomsten til Ospevika vert bygt som traktorveg, og oppnar for ei lettare tilgang til badevika.
Utvalet sitt kvarter	<p>Gunnar Bruvik (Frp) status for ekspropriasjon Ytre-Tysse.</p> <p>Bright Olav Gåsdal (Ap)</p> <ul style="list-style-type: none"> -praksis i Samnanger når føresette ikkje betalar for barnehageplass. - korleis kommunen gjennomfører drøftingar med tillitsvalde i forkant av at det vert fatta vedtak som vedkjem dei tilsette. <p>Arild Røen (H) status for arbeidet med nytt bibliotek</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.02.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/94	Faste saker	
002/15	10/510	Høyring om forslag om overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten	

SAKNR. 001/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

11.02.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegg til vedtak vart samrøytes vedteke.

Utvalet sitt kvarter; Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål om status for ekspropriasjonsaka på kaia på Ytre-Tysse. Ass.rådmann orienterte om at den kjem opp i retten som sak i februar 2016.

Bright Olav Gåsdal (Ap) stilte spørsmål om Samanger sin praksis med foreldrebetaling i barnehagen og oppseiing av plass. Ass.rådmann orienterte om at kommunen har praksis om varsel etter 2. mnd. ved manglande betaling, og evt varsel om oppseiing etter 3.mnd. med manglande betaling. Dei fleste inngår betalingsordning med kommunen. Administrasjonen vil gje skriftleg informasjon om prosedyren.

Gåsdal stilte og spørsmål om å få opp ei sak til administrasjonsutvalet om korleis kommunen gjennomfører drøftingar med tillitsvalde i forkant av at det vert fatta vedtak som direkte berører dei tilsette. Administrasjonen vil følgje opp dette.

Arild Røen (H) stilte spørsmål om framdrifta på bygging av nytt bibliotek og kva kontakt det har vore med Mohn. Ordførar orienterte om at det er gjennomført eit møte med utbygger, og at kommunen har bedt om framdriftsplan.

FORM-001/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/15

HØYRING OM FORSLAG OM OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA TIL SKATTEETATEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ser at det er utfordrande for dei minste kommunane å ha ansvar for skatteoppkrevjing. Dette gjeld både med tanke på å ha kompetente fagmiljø og å driva rasjonelt. Dersom ansvaret for skatteoppkrevjing vert lagt til staten, og for Hordaland sitt vedkomande til Skatteetaten i Bergen, må det etablerast avdelingskontor som mellom anna bidreg til å oppretthalda arbeidsplassar i distrikta.

11.02.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”Med bakgrunn i den pågåande kommunereforma vert arbeidet med endringar i skatteoppkrevjarfunksjonen stoppa. Skatteoppkrevjing er ei av oppgåvene som må sjåast på i samanheng med oppgåver større kommunar kan ha”.

Det vart røysta alternativt over framlegget frå rådmannen og Aase. Framlegget frå M.Aase (Krf) vart samrøystes vedteke.

FORM-002/15 VEDTAK:

Med bakgrunn i den pågåande kommunereforma vert arbeidet med endringar i skatteoppkrevjarfunksjonen stoppa.

Skatteoppkrevjing er ei av oppgåvene som må sjåast på i samanheng med oppgåver større kommunar kan ha.

